



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Delprosjekt: P2 Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad
Mandatet er gitt av: Styringsgruppa nye Ålesund
Versjon dato: 24.08.2017

Overordna styringsdokument «*Slik bygger vi nye Ålesund*» og dokumentet «*Felles føringar for alle delprosjekt i nye Ålesund*» ligg til grunn for delprosjektet.

1 MANDAT FOR DELPROSJEKT P2: POLITISK ORGANISERING, LOKALDEMOKRATI OG INNBYGGJARMEDVERKNAD

1.1 Bakgrunn for dette delprosjektet

Intensjonsavtalen for nye Ålesund slår fast at den nye kommunen skal ha eit godt og velfungerande lokaldemokrati, med høgt engasjement og gode moglegheiter til medverknad. Lokal identitet og nærdemokrati skal være høgt prioritert i arbeidet. Nye Ålesund skal ta i bruk framtidsretta modellar for arbeidsdeling og samhandling. Dette oppnår vi gjennom:

- Ein ny, effektiv og innovativ organisasjon
- Styrking av samhandling på tvers av einingar
- Å fylgje god forvaltningsskikk
- Godt og tillitsbasert samspel mellom innbyggjarar, politiske aktørar, administrasjon, tillitsvalde, næringsliv og frivillige
- Utvikling av politikarrolla og tilrettelegging av nye former for politikkkutforming
- Mellomvalsmedverknad for innbyggjarane
- Nettverksstyring med politisk legitimitet og kontroll
- Å metodisk og systematisk ta i bruk av ny teknologi og stimulere nye arbeidsformer; eksempelvis ved å ta i bruk digitale plattformer som eit hjelpemiddel for innbyggjarmedverknad

1.2 Oppdragsomtale

Leveransen for prosjektet er i hovudsak utgreiingsarbeid. Delprosjektet utgreier og førebur sakar som angår politisk organisering, medverknad og lokaldemokrati, og legg desse fram for fellesnemda til vurdering. Dette vil krevje dedikert innsats frå alle medlemmane i utvalet i dei periodane utgreiingsarbeidet pågår og tilrådinga skal utarbeidast.

Målsetninga er at nye Ålesund kommune har eit godt slutningsgrunnlag for vedtak som angår lokaldemokratiet som er i tråd med intensjonsavtalen og politiske målesetningar. Det overordna målet er å sikre ei politisk organisering av høg demokratisk kvalitet, med like moglegheiter for medverknad for alle innbyggjarane.

Arbeidet delast inn i fasar, og det utarbeidast resultatmål for kvar fase. Dei overordna effektmåla er gjeldande for heile prosjektperioden.

I kartleggingsfasen må det lagast ei oversikt over kva politiske strukturar og nærdemokratimodellar som eksisterer på noverande tidspunkt i dei fem kommunane. Det er og viktig å få kartlagt moglegheitsrommet i kommunelova når det gjeld organisering.

Politisk struktur legg premissar for svært mange andre aktivitetar i prosjektgjennomføringa, difor er det avgjerande at Fellesnemnda vedtek den innan utgongen av 2017.

Ettersom oppgåvene som er lagt til dette delprosjektet er av prinsipiell karakter, vil vedtaket legge føringar for større delar av programorganiseringa elles. Dette gjeld spesielt arbeidet med administrativ organisering og tenesteutvikling.

Som ein konsekvens av dette bør dette delprosjektet skjele til val av administrativ struktur og lokalisering av tenestestader når det skal utarbeidast modellar for samskaping mellom kommune og frivillighet. Delprosjektet skal i samarbeid med dei politiske gruppeleiarane, utarbeide modellar for politisk struktur, og i samarbeid med lag og foreiningar, utarbeide modellar for samskaping mellom kommune og frivillighet.

Under er ei oversikt over dei mest sentrale tinga som må avklarast:

Hovudstruktur

- Økonomi, plan, drift

Utvallsmodell

- Samansetjing
- Kor mange og kva tema
- Lovpålagde utval
- Nærdemokratiske ordningar/utval
- Omfang /avgjerdsmynde
- Inndelingsprinsipp (fag/geografi)

Ulike former for innbyggjarmedverknad

Digitale løysingar

Reglement

- Delegering av mynde: Framlegg til delegasjonsreglement bør utarbeidast slik at det kan vere ein premiss i rekrutteringa av toppleiargruppa (definere kva mynde som ligg til kommunens øvste leiing). Framlegg til politisk reglement bør utarbeidast slik at det er kjent før nominasjonane til kommunevalet 2019 tek til.

1.3 Mål

1.3.1 Effektmål

- Ålesund kommune har et lokaldemokratisk system som legg til rette for påliteleg, ansvarleg, borgarnær og effektiv politisk styring.
- Dei politiske partia erfarer at det er lettare å sette saman balanserte vallister omsyn til kjønn, alder, geografi og yrke.
- Det demokratiske systemet og dei politiske prosessane vert opplevd som effektive, transparente, og tillitsskapande.
- Den politisk leiinga er styringsdyktig, og politikarrolla fremjar nytenking og innovasjon i

organisasjonen.

- Politiske verksemd inngår i samskapingsprosessar med fagmiljø, innbyggjarar, brukarar, næringsliv, og frivilligheit.
- Innbyggjarane opplever likeverd med omsyn til moglegheit for deltaking, og at dei kan medverke på ulike nivå i kommunen.
- Saksutgreiingar og prosessar fram mot politisk vedtak har høg fagleg kvalitet.
- Ålesund kommune har eit godt omdømme med omsyn til demokratiske praksis; innbyggjarane opplever eigarskap til kommunen, kort avstand til politisk og administrativ leiing, og at politiske engasjementet har verknad.
- Ålesund kommune er blant dei ti beste kommunane i landet med tanke på valdeltaking og opplever økt valdeltaking i lokalval, i høve til tidlegare års valoppslutning.
- Den nye kommunen har ei styringsdyktig politisk leiing, og det leggjast til rette for ei politikarrolle som fremmar nytenking omkring demokratiske prosessar og deltaking.
- Ein har tatt i bruk samskapingsmodellar og samarbeid på tvers av sektorar for å unngå silotenking og få i stand betre avgjerder og tiltak.
- Politisk aktivitet har gode vilkår og tek i bruk nye arbeidsmåtar.

1.3.2 Resultatmål

Nye Ålesund skal ta i bruk nye arbeidsformer, som gjer terskelen for deltaking låg for alle innbyggjarane i kommunen.

Utvikle samskapingsplattformer mellom kommune og frivilligheit

Ein skal utreie om saksførebuande møter kan betre den politiske prosessen.

Nye Ålesund skal ta i bruk digitale samhandlingsplattformer som til dømes medborgarpanel og brukarportalar som støttar opp under og lettar moglegheitene for politisk medverknad.

Delprosjektet skal samanlikne ulike modellar for kommunedelutval og finne fram til ei optimal organiseringsform, som både tek omsyn til skildringa av desse i intensjonsavtalen, men også praktiske aspekt ved ordninga som ikkje er tatt høgde for i avtalen. Organiseringa må være slik at desse organa er tydeleg forankra både blant innbyggjarar og blant politisk/administrativ leiing, med tilstrekkelege ressursar. Sjå på innbyggjartorg i kommunedelsentra, og koordinatorfunksjonar som tilretteleggjar for lokal aktivitet i nærdemokratiorgana.

Utforme utkast til delegasjons- og politisk reglement.

Ein skal utvikle reiskapar for politikaropplæring av dei folkevalde, med særleg fokus på arbeidsformer som fremmar deltaking, og som tek omsyn til habilitetsspørsmål. Kompetanseheving og kunnskapsinnhenting blant politikarane må være eit fokusområde. Politikarhandboka skal utformast på ein måte som tek omsyn til nytenking innanfor politisk arbeid. Opplæringa må leggje vekt på ansvarleggjerer: til dømes at politikarar står bak avgjerder om prioriteringar i saman med administrasjonen som sett i gang tiltaka.

Utreie kva slags forhold det må være mellom politisk utvalsstruktur og administrativ organisasjon.

Leggje til rette for engasjerande, frie og velorganiserte kommuneval for nye Ålesund høsten 2019.

1.4 Organisering og ansvar

Styringsgruppa for nye Ålesund fatta derfor ei avgjerd 20.4.2017 om å opprette eit delprosjekt som samla arbeidet med tema politisk organisasjon, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad. Delprosjektet skal ha to politiske representantar frå kvar kommune, og ein administrativ representant. Det skal og være ein tillitsvald med i arbeidet. Delprosjektet koordinerast av Mads Solberg, som er arbeidar i prosjektgruppa for nye Ålesund som rådgjevar med ansvar for demokratiutvikling. Kari Grindvik er politisk leiar for prosjektet. Olav Kjetil Sjøholt er nestleiar.

Delprosjektet har følgjande samansetning:

Haram

Svein Harsjøen	FrP	sveinharsjoen@hotmail.com
Trine Otterlei	Ap	tro@fials.no
Elin Moen	Administrasjon	Elin.Moen@haram.kommune.no
1. vara (felles): Gunn Rigmor Aarnes	Sp	Gunn.rigmor.aarnes@haram.kommune.no
2. vara (felles): Kristian Stråmyr	V	Kristian.stramy2@haram.kommune.no

Sandøy

Åse Kristin Ask Bakke	AP	Ase.Kristin.Ask.Bakke@sandoy.kommune.no
Nils Magne Abelsest	H	nils.magne@iabelseth.no
Kim Andre Breivik	Administrasjon	Kim.breivik@sandoy.kommune.no

Skodje

Modolf Hareide	Sp	Modolf.Hareide@skodje.kommune.no
Kari Grindvik	V	Kari.Grindvik@skodje.kommune.no
Bente Glomset Vikhagen	Administrasjon	Bente.Glomset.Vikhagen@skodje.kommune.no
Vara: Geir Ove Leite	Ap	

Ørskog

Olav Kjetil Sjøholt	H	Olav.Kjetil.Sjoholt@orskog.kommune.no
Helene Børretzen Fjørtoft	KrF	Helene.Fjortoft@orskog.kommune.no
Synnøve Vasstrand Synnes	Administrasjon	synnove.synnes@orskog.kommune.no

Ålesund

Geir Stenseth	FrP	Geir.Stenseth@alesund.kommune.no
Øystein Tvedt	H	oystein.tvedt@alesund.kommune.no
Irene Kalstad Aase	Administrasjon	irene.kalstad.aase@alesund.kommune.no
Vara: Ann-Kristin Bryne	Ap	
Vara: Tore Johan Øvstebo	KrF	Tore.Johan.Ovstebo@alesund.kommune.no

Tillitsvalgt


Geir Skodje	Unio	Geir.skodje@orskog.kommune.no
Stein Inge Skogen (vara)		Stein.inge.skogen@sandoy.kommune.no

1.5 Rapportering

- Delprosjektet får sitt mandat frå fellesnemnda, og rapporterer til denne via styringslinja som går gjennom prosjektleiar/koordinator.
- Rapportering undervegs etter avtale med prosjektleiar/koordinator.
- Eventuelle arbeidsgrupper under delprosjektet får sitt mandat frå, og rapporterer til, delprosjektet.

1.6 Framdriftsplan

- Delprosjektgruppa varer heile prosjektperioden.
- Utfyllande prosjektskisse med faseinndeling og risikoanalyse leggst fram for fellesnemnda hausten 2017. Skisse til ny politisk organisering må være klart innan 2017.



I kartleggingsfasen vil det særleg arbeidast med å identifisere styrkar og svakheiter med dagens ordning, synleggjere behov og utfordringar.

1.6 Avhengigheit til andre delprosjekt

Viktige avhengigheiter til, overlapp eller koordinering med andre delprosjekt:

Delprosjekt P1: Kulturbygging og verdiar

Delprosjekt A2: Kommunikasjon

Delprosjekt A4: Digitalisering og IKT

Delprosjekt A10: Administrativ organisering – kartlegging

1.7 Prosjektplan og risiko- og sårbarheitsanalyse

Fellesnemnda ber delprosjektet kome tilbake med ei prosjektplan for korleis de vil løyse mandatet, og ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Denne skal omfatte identifisering av risiko for delprosjektet, vurdere grad av sannsynlegheit og konsekvens for dei identifiserte risikoane på ein gitt skala, samt kva tiltak som må setjast inn for å redusere risikoane.

1.8 Økonomisk ramme

Fylkesmannen har løyva midlar til eit prosjekt på Innbyggerdeltaking i nye Ålesund kommune; ei avklaring på kor mykje av desse midlane som er tilgjengeleg for aktivitetar i delprosjekt P2 kjem i løpet av hausten 2017.

2 Relevante lenker, referansar og vedlegg

Kommunal- og Moderningsdepartementet har tilgjengeleggjort ei rekkje veiledarar for vidareutviklinga av lokaldemokratiet under kommunesamanslåing. Desse er tilgjengelege på:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/lokaldemokrativeilederen/id2424152/>

KS har også publisert mykje materiale om dette temaet: <http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/tilbud-og-verktoy/lokaldemokrati-i-kommunereformen/>